



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Retningslinjer

Kapittel 551, post 60 Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling

Kapittel 551, post 61 Næringsretta midlar til regional utvikling

DEL I

Innleiing

Retningslinene gjeld frå 1.1.2009.

Frå og med 2007 er det felles retningslinjer for postane 60, og 61. Innhaldet er i hovudsak samordna og med likt innhald. Frå og med 2007 vil det ikkje lenger vere sentral godkjenning av handlingsplanar for bruken av midlar frå post 61.

Føremålet med retningslinjene er å fastlegge og formidle mål og avgrensingar som er knytte til bruk av distrikts- og regionalpolitiske verkemiddel hjå fylkeskommunane og dei aktørane som skal forvalte verkemiddel på vegner av fylkeskommunane. Vidare skal retningslinjene medverke til ei einskapleg og forsvarleg økonomiforvaltning av dei distrikts- og regionalpolitiske midlane, i tråd med *Reglement for økonomistyring i staten* og *Bestemmelser om økonomistyring i staten* som blei fastsette 12. desember 2003. Forvaltningslova og Offentlighetslova gjeld også for forvaltninga av 60- og 61-posten.

Retningslinjene er todelte. Del I omfattar mål og prinsipp for bruken av verkemidlane. Del II gjeld meir tekniske krav. Vedlegg I inneheld dei mest aktuelle støtteregeleane i regionalstøtteregeleverket/statsstøtteregeleverket.

1 Nasjonale og fylkeskommunale mål og strategiar med verkemiddelbruken

Midlane skal vere med på å realisere nasjonale og fylkeskommunale mål for regional utvikling, tilpassa regionale føresetnader. Dei fylkeskommunale måla for bruken av midlar

som blir løyvde over kap. 551 postane 60 og 61, skal spegle dei overordna, nasjonale måla som gjeld til kvar tid for postane, slik desse måla er nedfelte i dei årlege budsjettproposisjonane (St.prp. nr. 1). Departementet kan utover dette gi utfyllande mål, krav og prioriteringar gjennom årlege tilskotsbrev til fylkeskommunane.

Midlane skal hjelpe til med å vidareutvikle regionale fortrinn for å utløyse verdiskapingspotensialet i området. Tiltak som blir støtta må vere i tråd med mål og strategiar i fylkesplanen og handlingsprogrammet i fylkesplanen. Midlane kan også fordelast som rammer til oppfølging av til dømes fylkesplanar, fylkesdelplanar, kommunale og regionale handlingsplanar/program eller til regionale/lokale næringsfond. Fylkeskommunane skal innanfor dei nasjonale måla sjølv utarbeide eit mål- og resultatstyringssystem med indikatorar og resultatkrav som svarer til fylkesplanen sine mål for regional utvikling. Fylkeskommunane må også sørge for å definere målgrupper og nærmare tildelingskriterium for midlane.

2 Strategisk versus operativt ansvar

Det skal vere eit klart organisatorisk skilje mellom det strategiske og det operative ansvaret for bruken av midlane når det gjeld direkte bedriftsretta støtte til enkeltbedrifter. Fylkeskommunane skal ikkje vere operatørar for direkte bedriftsretta verkemiddel overfor enkeltbedrifter, men bruke Innovasjon Noreg som operatør. Det er likevel tillate at kommunane og regionråd tildeler direkte bedriftsretta støtte innanfor bagatellstøtteregelverket (de minimis) og dei til ei kvar tid gjeldande gruppeunntaka. Dersom det blir gitt direkte bedriftsstøtte i tråd med gruppeunntaka, skal tildelingane halde seg innanfor dei ytre økonomiske grenseverdiane som gjeld for de minimis-regelverket. Støttegivar pliktar å skriftleg opplyse dei aktørane som får støtte med grunnlag i de minimis, om at støtta er å sjå på som bagatellstøtte og samtidig vise til den gjeldande kommisjonsforordninga. Støttegivar må også få skriftleg tilbakemelding frå støttemottakar om kva andre beløp støttemottakar har fått som bagatellstøtte det aktuelle året og dei to føregåande åra. Fylkeskommunen og den regionale partnerskapen må avklare ei tenleg og tydeleg arbeidsdeling og samordning mellom bruk av kommunale/regionale næringsfond og ordningar som Innovasjon Noreg forvaltar.

3 Forpliktande partnerskap

Fylkeskommunane har som folkevalde organ det strategiske ansvaret for å forvalte midlane. Det er viktig å sikre sterk brukarmedverknad frå sentrale samfunnsaktørar gjennom brei og aktiv deltaking i planprosessarbeidet. Fylkeskommunane skal såleis forvalte verkemidla i forpliktande partnerskapar med kommunar, næringsliv, Innovasjon Noreg (IN), regionale statlege organ og etatar, private organisasjonar, forskings- og utdanningsinstitusjonar, Sametinget og samiske næringsorganisasjonar der dette er tenleg, og eventuelt andre aktørar. Fylkeskommunane skal i nært samarbeid med lokale og regionale aktørar finne fram til gode rolleavklaringar, utarbeide og avklare mandat for partnerskapen og klargjere korleis dei ulike aktørane skal delta i planleggings- og

avgjerdsprosessar. Avgjerdene i partnerskapen bør i størst mogleg grad byggje på konsensusprinsippet. Avgjerdene skal vere i samsvar med nasjonale og fylkeskommunale mål og strategiar med verkemiddelbruken, jf. omtale i punkt 1.

4 Fylkeskommunale føringar på midlar til kommunar/regionråd og nasjonale virkemiddelaktørar

Fylkeskommunane har egne regionale mål og strategiar nedfelte i fylkesplanar og handlingsprogram. Midlar som blir løyvde til kommunar og regionråd, skal nyttast i tråd med desse regionale måla og strategiane. Innovasjon Noreg har på si side overordna mål som er i tråd med nasjonale mål og strategiar. Tiltak og prosjekt som blir støtta gjennom midlar fordelte til Innovasjon Noreg, må derfor være i tråd med regionale mål og strategiar samstundes som dei oppfyller nasjonale mål og strategiar. I den grad og på dei område fylkeskommunane ikkje utarbeider egne mål- og resultatkrav for midlar til Innovasjon Noreg, vil INs mål og strategiar vere førande. IN skal vere ein aktiv samarbeidspartnar og premissleverandør i den regionale partnerskapen og vere verkemiddeloperatør for å realisere mål og delmål for næringsutvikling i fylkeskommunane.

5 Tildelingskriterium og virkeområde for bruken av midlane

Dei distrikts- og regionalpolitiske midlane over post 60 skal i hovudsak nyttast innanfor virkeområdet for distriktpolitiske verkemiddel (sonene II, III og IV, sjå vedlegg 3 og 4). Midlane over kap. 551 post 61 blir løyvde til fylkeskommunar med område som ikkje får gjeninnført differensiert arbeidsgivaravgift eller som får gjeninnført ordninga med ein høgare sats enn i 2003. Slike midlar skal som hovudregel nyttast innanfor desse områda med mindre det er konsensus hos partane om at midlane skal ha eit anna geografisk nedslagsfelt. Fylkeskommunane skal sjå til at forvaltninga av dei midlane som blir stilte til rådvelde over postane 60 og 61, er i tråd med statsstøtteregelverket innanfor EØS-avtalen, jf. The EFTA Surveillance Authority State Aid Guidelines og kommisjonsforordningane om gruppeunntak.

Departementet legg til grunn at spørsmålet om regional medfinansiering av nye nasjonalt initierte tiltak og programsatsingar må sjåast i samanheng med fylkeskommunane sine egne mål og strategiar for det regionale utviklingsarbeidet.

6 Nærmare om avgrensingar i bruken av midlane knytte til geografi, sektor og formål

Direkte bedriftsstøtte. Direkte bedriftsstøtte, med unntak for bagatellstøtte (inkludert etablerarstipend og inkubatorstipend), kan berre bli gitt innanfor sonene III og IV i det distriktpolitiske virkeområdet. Grensa for maksimal investeringsstøtte er høgare i områda i sone IV enn i sone III. Satsane som gjeld i sone IV, skal derimot kunne nyttast i sone III dersom eitt av følgjande vilkår er oppfylt:

- Område som oppfyller kriteria for når det kan vere aktuelt med ein ekstraordinær statleg omstillingsinnsats, slik det går fram av St.meld. nr. 21 (2005-2006) under punktet 6.4.2¹.
- Område som fylkeskommunane sjølve meiner treng ein ekstraordinær innsats, til dømes gjennom politiske vedtak i fylkeskommunen om særskilt omstillingsstatus, og som er lagde til grunn i skjønstildelinga frå kap. 551 post 60 frå Kommunal- og regionaldepartementet.

Fysiske grunnlagsinvesteringar. I sone I-områda kan det ikkje bli gitt støtte til fysiske grunnlagsinvesteringar.

Investeringar og drift. Midlane skal *ikkje* nyttast til å finansiere investeringar i og/eller ordinær drift og vedlikehald av statlege, fylkeskommunale eller kommunale ordinære driftsoppgåver eller velferdsproduksjon, offentleg og privat forvaltnings- eller forretningsverksemd². Dette gjeld også i dei tilfella der private tilbydarar og aktørar har teke over det operative ansvaret for utføringa av slike oppgåver på vegner av det offentlege. Avgrensinga gjeld ikkje dersom tiltaka blir nytta til tilrettelegging for næringsareal og liknande. Dei kan i særlege tilfelle likevel bli nytta til forsøksverksemd og pilotprosjekt innanfor slike fagområde, som del av lokalt og regionalt utviklingsarbeid. Pilotprosjekt og forsøksverksemd skal som hovudregel maksimalt støttast i tre år. Når det gjeld bedrifter, gir vedlegg 1 ei oversikt over kva støtteformar som er tilletne.

Næringsavgrensingar. Eventuelle næringsavgrensingar må gjerast av det enkelte fylke i tråd med eigne utviklingsstrategiar.

Investering i eigenkapital. Midlane skal normalt ikkje nyttast til direkte eller indirekte investering i eigenkapital i verksemdar, og berre i dei tilfelle der lån blir konverterte til aksjekapital, sjå punkt 7 – *Nærmare om risikolån og tapsavsetningar*.

1

- Reduksjonen i den direkte sysselsetjinga i hjørnesteinsbedrifta/næringa over ein treårsperiode skal som hovudregel utgjere minst 15 prosent av den totale sysselsetjinga i kommunen.
- I absolutte tal bør nedlegginga som eit minimum ligge på 150 personar.
- I heilt spesielle tilfelle bør det vurderast om krava kan vere noko lågare på små og isolerte stader.

I ei totalvurdering av situasjonen i området skal det også leggjast vekt på reduksjonen i den indirekte sysselsetjinga, den generelle arbeidsløysa og høve til pendling innanfor den aktuelle bu- og arbeidsmarknadsregionen. I tillegg kan det også vere aktuelt å vurdere storleiken på trygdebudsjettet, kor mange som er yrkesaktive i kommunen og kommuneøkonomien for å få eit mest mogleg komplett bilete av tilstanden i lokalsamfunnet. Det kan også oppstå situasjonar i små og isolerte samfunn som kvar for seg er for små til at staten i utgangspunktet bør gå inn med ekstramidlar. Dersom slike situasjonar oppstår og råkar fleire små og sårbare samfunn i same området samtidig og det samla støttebeløpet som dette skaper går ut over det som er rimeleg å vente at fylkeskommunen kan stille opp med av midlar til, bør det likevel vurderast om staten kan gå inn med ekstra ressursar.

² Investeringar i vassforsyning er unnateke frå dette forbodet.

Transportstøtte. Midlane frå postane 60 og 61 kan nyttast til å finansiere regional transportstøtte. Reglane for transportstøtte er heimla i retningslinene for regionalstøtte, jf. punkt 13 i vedlegg 1

Medverknad frå andre forvaltningsorgan. Fylkeskommunane skal hente inn merknader og uttaler frå ansvarlege forvaltningsorgan i behandlinga av søknader på område der det finst slike organ. Fylkeskommunane må også ta omsyn til gjeldande nasjonale føringar og mål innanfor den enkelte sektor.

Evalueringar. Midlane frå postane 60 og 61 kan nyttast til å finansiere evalueringar av verkemiddelbruken på desse postane.

7 Nærmare om risikolån og tapsavsetningar

Innanfor ramma på kap. 551 postane 60 og 61 kan det bli gitt tilskot og avsetning til tapsfond for risikolån. Risikolån kan også bli gitt som vilkårsbundne lån. Med risikolån meiner ein ansvarlege lån, gjeldsbrevlån og pantelån. Nye pantelån skal normalt sikrast med prioritet etter pantelån frå andre kredittinstitusjonar. For risikolån kan det avtalast rett til konvertering til aksjekapital. Risikolåna kan også konverterast til aksjekapital i situasjonar der lånet alternativt ville vore ettergitt. Renta på nye risikolån skal setjast høgare enn renta på nye lågrisikolån med tilsvarende rentebindingsperiode. Tilsvarende gjeld renteregulering av risikolån ein alt har.

Det skal vere eitt felles tapsfond for risikolån for alle årgangar som Innovasjon Noreg forvaltar. Innovasjon Noreg skal setje av midlar til eit nasjonalt tapsfond ut frå ei fagleg risikovurdering av enkeltengasjement. I etterkant, dersom det blir tap på risikolån, skal tap trekkjast solidarisk frå det nasjonale tapsfondet. Innovasjon Noreg skal årleg vurdere forholdet mellom tapsfond og porteføljerisiko. Til grunn for risikovurderinga skal det ligge både uspesifisert og generell risiko³. Dersom tapsfondet vik negativt av frå vurdert risiko med meir enn ti prosentpoeng, skal tapsfondet fyllast opp inntil avviket er innanfor denne grensa. Dersom det negative avviket er fem prosentpoeng, skal departementet varslast. Dersom det skulle bli behov for å etterfylle det nasjonale tapsfondet, vil dette skje etter ein fordelingsnøkkel der den delen fylka har av risikolåneporteføljen, blir lagd til grunn.

³ Omgrepet "uspesifisert" vil seie tap som ein vurderer har oppstått i porteføljen per tidspunktet for rekneskapsavlegging, men som ikkje kan førast til spesifiserte (namngitte) låneforhold. Omgrepet "generelle avsetningar" relaterer seg til risiko for framtidige tap i porteføljen. Grunnen til at tapsfondet for risikolån også må ta høgde for den generelle risikoen, er at det er tapsfondet (og ikkje framtidig rentemargin, som normalt er for bankar og kredittføretak elles) som skal bere dei tapa som vil kome.

DEL II

1 Overføring av midlar til fylkeskommunane

Ramma til fylkeskommunane blir gitt som tilskot utan tilbakebetaling. Unytta ramme kan såleis omdisponerast til andre tiltak innanfor det same formålet, uavhengig av kva for eit år ramma er gitt (jf. KRDs årlege budsjettproposisjonar). Restmidlar som ein får ved inndraging av deltilskot og liknande, kan nyttast til nye tilsegner. Renteinntekter skal ikkje nyttast til andre føremål enn føremåla for 60- og 61-posten.

Overføringane skal til eikvar tid vere tilgjengelege for føremåla for postane. Midlane skal plasserast på renteberande konto med høg likviditet.

Fylkeskommunane får fullmakt til å fastsetje i kva år tilsegn skal givast, og kor lenge ei tilsegn skal gjelde, til å behandle søknader om forlenging av tilsegner og til å løyve unytta midlar til nye tiltak i tråd med dei måla Stortinget har sett for løyvinga.

Fylkeskommunane må ha oversikt over kor stor del av ramma som blir overført mellom år.

2 Overføring av midlar til andre tilskotsforvaltarar

Etter at ramma til andre tilskotsforvaltarar er fastlagd, har fylkeskommunen ansvar for å sende over tilskots- og oppdragsbrev innan utgangen av første kvartal, slik at tilskotsforvaltarane kan planleggje verksemda si etter gitte mål. Fylkeskommunen har også ansvar for å overføre midlane for det gjeldande budsjettåret slik at tilskotsforvaltarane heile tida har likviditet til å utbetale tilsegner som er gitt.

Det er ikkje høve til å delegere forvaltningsansvaret for kommunale og regionale fond til verksemdar som ikkje er offentlig heileigd.

3 Prosedyrar ved tildeling av midlar, søknader m.v.

Fylkeskommunen og dei som forvaltar midlar på vegner av fylkeskommunen, må etablere eit forsvarleg og tenleg system for tilskotsforvaltning som sikrar korrekt saksbehandling frå søknader kjem inn og fram til sluttutbetaling, medrekna korrekte utbetalningar og rekneskapsføring. Med grunnlag i risiko- og vesentlege vurderingar skal fylkeskommunen kontrollere at det blir drive korrekt saksbehandling og korrekt og påliteleg rapportering, at tilskotsmidlane kjem føremålet til gode, at måla blir nådde og at vesentlege avvik frå dette blir førebygd, avdekt og eventuelt korrigert.

Krav til informasjon og kunngjering

Fylkeskommunen og den som forvaltar midlar på vegner av fylkeskommunen, er ansvarleg for informasjon om søknadsbaserte ordningar under posten. Ordningane må kunngjerast på ein slik måte at heile målgruppa blir nådd. Kunngjeringa må seie noko om føremålet med ordninga, tildelingskriterium, kva for opplysningar søkjar må gi opp i søknaden og

eventuell søknadsfrist. For å sikre likebehandling skal det utarbeidast informasjonsmateriell slik at alle potensielle søkjarar innanfor målgruppa kan bli nådd.

Krav til innhaldet i og forma på søknaden

Ansvarleg virkemiddelaktør avgjer krav til innhald i og form på søknadene. Søknadene skal vere skriftlege og mellom anna innehalde, som grunnlag for vurderinga av den einskilde søknaden:

- presise og realistiske mål som kan etterprøvast
- realistisk prosjektplan med milepælar og aktivitets- og resultatutgreiingar
- kostnadsoverslag og finansieringsplan med marginar for moglege usikre moment

Krav til søknadsbehandling i fylkeskommunane eller hos dei som forvaltar midlar på vegner av fylkeskommunane

Støtte skal tildelast på grunnlag av søknad eller program/plan. Avgjerder om tildeling av tilsegner skal vere skriftleg dokumenterte. Standardvilkår blir fastsette av fylkeskommunane eller dei som forvaltar midlar på vegner av fylkeskommunane, i tråd med desse retningslinjene. Krav til innhald og informasjon i tilskotsbrev følgjer i vedlegg 2.

Når det gjeld ei sak der ein har gitt tilsegn, men der søkjaren ønskjer å gjere vesentlege endringar i dei opphavlege planane, må saka leggjast fram for den som har gitt tilsegna før endringane blir sette i verk.

Vilkår og rutinar for registrering av tilsegn, utbetaling og rekneskapsføring

Fylkeskommunane og Innovasjon Noreg skal føre oversikter der det til kvar tid går fram kva som er omfanget av tilsegn, tapsfondsavsetningar og utbetalningar under ordninga, jf. *Bestemmelser om økonomistyring i staten* punkt 6.3.4.

Ein tilskotsmottakar skal rapportere i høve til dei krava som går fram av tilskotsbrevet. Tilsegnsgivaren skal følgje opp overfor tilskotsmottakaren dersom denne informasjonen er ufullstendig eller ikkje kjem inn til rett tid. Det skal også gjerast tenlege kontrollar av kvaliteten på informasjonen.

Som ein hovudregel skal tilskot utbetalast etterskotsvis når tilskotsmottakaren har fått kostnadene. Dersom tilskotet skal dekkje eit driftselement, skal det betalast ut i terminar tilpassa profilen på kostnadene. Heile tilskotet kan ikkje utbetalast før prosjektet er avslutta og revisorattestert rekneskap er send inn. Som hovudregel skal 25 % av tilskotet haldast attende før sluttutbetaling skjer. Dersom sluttrekneskapen viser at arbeidet ikkje er utført i det omfanget som er føresett, eller til den oppgitte kostnaden, skal utbetalinga reduserast i høve til det.

Prosjektrekneskapen skal kunne samanliknast med kostnadsoverslaget. Av rekneskapen skal det gå klart fram korleis midlane er nytta. Statsautorisert eller registrert revisor skal attestere rekneskapen før den siste utbetalinga skjer. Det må utarbeidast spesifiserte krav til kva for informasjon som skal vere med i revisorstadfestingane, som skal skje med utgangspunkt i ei standard stadfesting som tilskotsforvaltaren har utarbeidd. For ikkje-revisjonspliktige føretak kan autorisert rekneskapsførar stadfeste oppgåva. Tilsegner under kr 100 000 kan unntakast frå kravet om revisorattestasjon av rekneskapen. Krav om revisorattestert rekneskap gjeld ikkje tilskotsmottakarar som blir reviderte av Riksrevisjonen.

Vilkår og rutinar for behandling av for mykje utbetalt tilskot

Tilbakebetaling til fylkeskommunen, eller til dei som forvaltar midlar på vegner av fylkeskommunen, kan krevjast dersom mottakaren ikkje sender inn rapportar slik føresetnaden er i tilsegnsbrevet, gir opplysningar som ikkje er rette, eller ikkje har nytta tilskotet etter intensjonen med tildelinga, dersom prosjektet krev mindre kapital enn venta, eller dersom det er utbetalt for mykje støtte. Slike krav skal fremjast av den som har gitt tilsegn om støtte. Dersom mottakaren ikkje betaler tilbake i slike tilfelle, skal den som har gitt støtta, vurdere rettslege skritt for å få utbetalt tilgodehavande.

Dersom EFTA sitt overvåkingsorgan ESA finn at støtte er gitt i strid med regelverket om offentleg støtte i EØS-avtalen, kan ein krevje at støtta blir betalt tilbake, jf. lova av 27. november 1992 nr. 117 om offentleg støtte § 3 og forskrifta av 4. desember 1992 om offentleg støtte § 5. Dersom den utbetalte støtta skal betalast tilbake etter desse reglane, skal tilbakebetaling skje inkludert renter som er fastsette av departementet, gjeldande frå den dagen støtta er motteken og fram til tidspunktet for tilbakebetaling.

4 Årsrapportering til Kommunal- og regionaldepartementet

Fylkeskommunen, Innovasjon Noreg og dei som forvaltar midlar på vegner av fylkeskommunane skal kvart år rapportere om bruken av midlane. Tidspunkt for rapportering og eventuelle utfyllande rapporteringskrav blir gjorte kjent i dei årlege tilskotsbrev fra KRD. IN rapporterer i tråd med system for mål- og resultatstyring som er avklarte med dei aktuelle departementa. Årsrapportane skal setje departementet i stand til å gi ei heilskapleg oversikt over utviklingstrekk og verkemiddelbruk på alle innsatsområde⁴ på kap. 551, post 60 og 61 til Stortinget.

Det er fylkeskommunane sitt ansvar at aktørar som forvaltar midlar frå KRD (til dømes kommunar, regionar og landsdelssamanslutningar) rapporterer til KRD etter dei krava KRD definerer.

⁴ Inkludert midlar til mellom anna Interreg, Landsdelsutvalget for Nord-Norge og Nord-Trøndelag mv.

Fylkeskommunane skal ikkje utbetala nye midlar til forvaltar før rapport for førre år er innlevert i samsvar med krava til departementet.

Årsrapporteringa frå fylkeskommunane til KRD er todelt: ein statistikkdel og ein skildrande del.

Statistikdelen (standardrapport)

Fylkeskommunane skal nytte det til ei kvar tid gjeldande rapporteringssystemet i forvaltninga av verkemidla og rapporteringa til departementet. Rapporteringssystemet vil i tillegg til at det er eit grunnlag for rapportering, vere ei hjelp for fylkeskommunane i oppfølginga deira av tilsegner og statistikkproduksjon og kan inngå som ein del av mål- og resultatstyringssystemet i fylkeskommunane. Fylkeskommunane må etablere rutinar for rapportering frå dei som forvaltar midlar på vegne av fylkeskommunen, til dømes kommunar. Feil i talmaterialet skal rettast opp så snart som råd. Departementet viser elles til omtale av rapportering i dei årlege tilskotsbrev.

Fylkeskommunane har høve til å rapportere på vegner av kommunane. Vilkåra for dette vert definerte i tilskotsbrev. Dei same krava til innhald og fristar gjeld framleis.

Beskrivande del

Den skildrande delen er ein rapport med utgangspunkt i dei måla, strategiane og innsatsområda fylket sjølv har, og ei vurdering av fordelinga av innsatsen på aktivitetskategoriar som KRD har definert. I den skildrande delen skal ein gjere greie for om innsatsen er i tråd med eigne fastsette mål- og resultatkrav. Rapporten skal også innehalde ei vurdering av om og i kva grad innsatsen medverkar til måloppnåing på lengre sikt.

Departementet vil, seinast innan 4 månader etter mottatt rapport, melde tilbake sine syn på utforming og innhald i rapporten og det arbeidet som er gjort.

5 Klagebehandling

Lova om behandlingssmåtar i forvaltningssaker (forvaltningslova) av 10. februar 1967 gjeld ikkje for Innovasjon Noregs forvaltning av midlar over KRDs budsjett, og vedtak som IN har gjort, kan ein ikkje setje fram klage mot. Enkeltvedtak som fylkeskommunen har gjort, og som er behandla i medhald av desse retningslinjene, kan klagast inn til fylkestinget eller den fylkestinget har gitt fullmakt. Det er ikkje høve til å klage dersom vedtaket ikkje er eit enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2.

6 Overordna kontroll

I samsvar med mellom anna § 10 i Løyvingsreglementet kan departementet og Riksrevisjonen setje i verk kontroll med at midlane er nytta slik det var føresett. Den fylkeskommunale og kommunale revisjonen av midlane skal også omfatte kontroll av at

midlane blir nytta innanfor fastlagde rammer, mål, strategiar m.v. Det skal overfor tilskotsmottakar takast atterhald om at tilskotsforvaltar har høve til å setje i verk kontroll med at midlane blir nytta etter føresetnadene. Riksrevisjonen har rett til å krevje informasjon frå tilskotsmottakar etter § 12 i Lov om Riksrevisjonen.

7 Reglement for økonomistyring i staten

Vi viser elles til *Reglement for økonomistyring i staten*, fastsett ved kronprinsregentens resolusjon av 12. desember 2003 og *Bestemmelser om økonomistyring i staten*, fastsett av Finansdepartementet 12. desember 2003. *Reglement for økonomistyring i staten* og *Bestemmelser om økonomistyring i staten* finst på internett:

http://odin.dep.no/fin/norsk/tema/Statlig_ekonomistyring/bn.html.

8 Evaluering

Kommunal- og regionaldepartementet vil med mellomrom setje i verk evalueringar av ordningane. Departementet vil også foreta strategiske vurderingar på tvers av fylke, program m.v. Verkemiddelaktørane skal sjølve foreta faglege evalueringar av sine ordningar. Evalueringane må tilpassast omfanget av midlar. *Det er viktig at fylkeskommunane gjennomfører evalueringar av eigne satsingar og program, i kontakt med departementet.* Departementet skal i samband med årsrapporteringa varslast dersom fylkeskommunane eller andre som forvaltar midlar på vegner av fylkeskommunane planlegger å gjennomføre evalueringar av verkemidlane. *Departementet ber vidare om å bli informert om hovudresultat frå evalueringane.*

Jan Sandal (e.f.)
ekspedisjonssjef

Vidar M.H. Jensen
seniorrådgjevar

VEDLEGG 1

OFFENTLEG STØTTE - STØTTEREGLAR OG STØTTEINTENSITETAR FOR STØTTE TIL ENKELTBEDRIFTER

1. Generelt

EØS-avtalen set grenser for kva slags høve norske styresmakter har til å gi støtte til næringsverksemd. All tildeling av offentlig støtte skal vere i samsvar med The EFTA Surveillance Authority's (ESA) State Aid Guidelines. Nedanfor er eit utdrag av reglane for offentlig støtte. Ein oppdatert versjon av desse reglane ligg på ESA si heimeside www.eftasurv.int/fieldsOfWork/fieldStateAid/guidelines/

Fleire av EU-kommisjonens/ESAs retningslinjer for offentlig støtte er for tida til revidering og vil følgjeleg kunne ble endra. Det gjeld mellom anna reglane for forskning, utvikling og innovasjon og gruppeunntaka. Kommunal- og regionaldepartementet vil informere fylkeskommunane om endringar i regelverka så snart dei er implementerte i EØS-avtalen og tatt inn i norsk rett.

2. Det distriktpolitiske virkeområdet for regionale utviklingsmidlar

Nokre av retningslinjene for offentlig støtte opererer med regionale bonusar innanfor det distriktpolitiske virkeområdet. Det finst vidare eigne ordningar som kun gjeld i det distriktpolitiske virkeområdet. Av *Forskrift om geografisk virkeområde og bruk av dei regional- og distriktpolitiske verkemidla* (15. desember 2006) går det fram kva for kommunar som utgjer det distriktpolitiske virkeområdet for regionale utviklingsmidlar. For ei oversikt over kva for sone dei ulike kommunane er plasserte i, sjå vedlegg 3.

3. Samla støtte - kumulasjonsreglar

Når eit prosjekt blir tildelt offentlig støtte frå meir enn ei kjelde, må støtta frå dei ulike kjeldene leggjast saman (kumulerast) slik at ein ikkje kjem over den høgaste tillatne støttegrensa (inkludert bagatellstøtte). Ein søker er difor pliktig til å opplyse om anna støtte som blir gitt til det same kostnadsgrunnlaget. Dersom ny støtte skal tildelast som bagatellmessig støtte, må føretaket opplyse om kor mykje samla bagatellmessig støtte føretaket har fått dei siste tre åra. Samla offentlig støtte får ein ved å summere tilskot og eventuelle støtteelement i lån, garantiar og andre støtteformer. Kumulasjonsreglane er det gjort greie for i kapittel 13 i ESAs retningslinjer for statsstøtte. Dei gjeld med mindre det er spesifikke reglar for kumulering i dei ulike kapitla i ESAs retningslinjer for offentlig støtte.

4. Definisjonar

Brutto tilskotsekvivalent

Brutto tilskotsekvivalent (BTE) er eit mål på samla offentleg støtte til prosjektet eller bedrifta, målt i prosent av standard kostnadsgrunnlag. Standard kostnadsgrunnlag er summen av kostnadene som kan inngå i utrekningsgrunnlaget for støtte til dei ulike formåla. Dei maksimale støttesatsane som det er referert til i dette vedlegget, relaterer seg til BTE.

Små og mellomstore bedrifter (SMB)

Små og mellomstore bedrifter (SMB) er definerte som bedrifter som

A) har mindre enn 250 tilsette/årsverk, og

B) enten har

- ei årleg omsetning som ikkje overstig 50 millionar euro, eller
- ein balanse som ikkje overstig 43 millionar euro, og

C) er i samsvar med kravet om å vere uavhengig. Eit uavhengig selskap er eit selskap der mindre enn 25 prosent av kapitalen eller røysterettane er ått av eit selskap, eller fleire selskap i samarbeid. Desse grensene kan overskridast mellom anna dersom eit offentleg investeringsselskap, eit ventureselskap eller ein institusjonell investor eig bedrifta, under føresetnad av at dei ikkje har kontroll enkeltvis eller samla. Sjølvstyrande lokale styresmakter med eit årleg budsjett på mindre enn 10 millionar euro og mindre enn 5000 innbyggjarar kjem også inn under dette unntaket.

Små bedrifter

Små bedrifter er definerte som:

A) Har mindre enn 50 tilsette

B) Enten har:

- ei årleg omsetning på mindre enn 10 millionar euro, eller
- ein balanse på som ikkje overstig 10 millionar euro

C) som over

Sjå elles definisjon av SMB og små bedrifter i vedlegget til kommisjonsforordning 364/2004; jf.

<http://odin.dep.no/fad/norsk/tema/Konkurransopolitikk/stotte/071061-230017/dok-bn.html>

5. Støtte til investeringar

Det kan bli gitt investeringsstøtte til fysiske investeringar i samband med

- etablering av ny verksemd,

- utviding av eksisterande verksemd, eller
- investeringar som fører til utvikling av nye produkt eller til ei vesentleg endring i produktet eller produksjonsprosessen til ei eksisterande bedrift.

Ein kan støtte investeringar i eigedom, bygningar og anlegg/maskinar. Ein kan og støtte kjøp av informasjon og rettar som nokon har eigedomsretten til (kjøp av datasystem, programvare, intellektuelle eigedomslisensar og teknisk knowhow).

Maksimale kumulative støtteintensitetar for investeringsstøtte gjeldande frå 2007⁵ (BTE)			
Type bedrift/Sone	Store	Mellomstore	Små
IV	15	25	35
III	10	20	30

Sjå elles kap 25.B.4.2.1 i ESA sine retningslinjer for offentlig støtte.

Dersom ein gjenstand som er teken med i tilskotsgrunnlaget, blir seld eller nytta til anna formål enn føresett i løpet av fem år frå utbetalinga av tilskotet, kan tilskotet krevjast heilt eller delvis betalt tilbake eller omgjort til ordinært pantelån. Det same gjeld når gjenstanden blir flytt til eit lågare prioritert område eller ut av verkeområdet for dei distriktpolitiske verkemidla. Innovasjon Noreg kan etter ei konkret vurdering fastsetje ei kortare bindingstid for visse typar investeringar, mellom anna maskinar eller utstyr som i løpet av fem år er utdatert. Ved vurdering av om det skal reisast krav om tilbakebetaling, bør ein mellom anna leggje vekt på kor lang tid det har gått frå utbetalinga til bruksendringa eller salet skjer, kva gjenstanden skal nyttast til, og om ein får gevinst ved salet. Sjå elles kap. 25.B.4.1.1.32 i ESA sine retningslinjer for offentlig støtte.

Ein kan gje støtte til investeringar etter gruppeunntak for regional investeringsstøtte dersom føresetnadene i dette regelverket er oppfylte. Dersom aktuell støtte oppfyller dei vilkåra som er sette, er støtta lovleg utan førehandsgodkjenning frå ESA. Tiltaka må likevel meldast til Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Gruppeunntaket for regional investeringsstøtte tillet også ad hoc-støtte (støtte som ikkje er ein del av ei ordning) i samband med støtte frå ei transparent ordning for regional investeringsstøtte og ikkje utgjer meir enn 50 prosent av støtta til prosjektet.

Distriktsretta risikolån skal praktiserast i samsvar med notifisert ordning.

⁵ For støtte til skipsverft er maksimal støtteintensitet 12,5 prosent.

6. Støtte til SMB - konsulenthjelp og kunnskapsformidling ("mjuk støtte")

Vi viser til definisjonen og omtalen av SMB ovanfor. Kommisjonsforordningane om SMB gjeld forutan støtte til konsulenthjelp og kunnskapsformidling ("mjuk støtte") også støtte til fysiske investeringar og FoU.

Støtte til konsulenthjelp og kunnskapsformidling kan ein berre gi til små og mellomstore bedrifter (SMB). Den maksimale støttesatsen er 50 prosent av kostnader som gir rett til støtte, det vil seie kostnader som er direkte relaterte til konsulenthjelp og kunnskapsformidling innanfor økonomi og leiing, implementering av ny teknologi, vern av immaterielle eigneluter og evaluering av nye forretningsområde. Tiltaka må tilfredsstille eit eingongsbehov for oppdatering av kunnskap. Det er ikkje høve til å støtte aktivitetar som er kontinuerlege eller periodiske, og som er med på å dekkje dei ordinære driftskostnadene til bedrifta (lovpålagd kontroll, lovpålagde oppfølgingstenester, vanleg skatterådgiving, ordinær juridisk hjelp, annonsering osv). Kostnader i samband med etablering av samarbeid og nettverk mellom SMB kan støttast, men ikkje rutineoppgåver som til dømes distribusjon eller marknadsføring som samarbeidet og nettverket gjer for bedrifta.

Støtte til konsulenthjelp og nettverk/samarbeidstiltak (BTE)		
Geografi	SMB	Store bedrifter
Heile landet	50	0

Reglane for støtte til SMB er landsdekkande.

Sjå elles kommisjonsforordning 70/2001 og 364/2004 for SMB:

<http://odin.dep.no/fad/norsk/tema/Konkurransopolitikk/stotte/071061-230017/dok-bn.html>.

Støtte til SMB kan bli gitt etter gruppeunntak dersom føresetnadene i dette regelverket er oppfylde. Dersom aktuell støtte oppfyller dei vilkåra som er sette, er støtta lovleg utan førehandsgodkjenning frå ESA. Tiltaka må likevel meldast til Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

7. Støtte til opplæring

Tilskot til opplæring kan nyttast til å dekkje utgifter til opplæringstiltak i bedrifta når tiltaket gjer at bedrifta kan setje i gang med opplæringstiltak ho elles ikkje kunne ha greidd. Støtta kan gå til interne kostnader. Ein kan ikkje gi støtte til opplæringstiltak som

har preg av å vere driftsstøtte, til dømes utgifter til å dekkje introduksjonskurs for nytilsette og opplæringsutgifter i samband med at bedrifta gjennomfører lovpålagde endringar.

Maksimal støtteintensitet er avhengig av om opplæringa er definert som spesifikk opplæring eller generell opplæring. Med støtte til *generell opplæring* meiner ein støtte til praktisk eller teoretisk opplæring som ikkje berre, eller i hovudsak, kan knytast direkte til den noverande eller den framtidige jobben til den tilsette i bedrifta. Opplæringa har å gjere med den generelle aktiviteten i bedrifta og gir kvalifikasjonar som for ein stor del kan overførast til andre bedrifter eller andre arbeidsområde. Med støtte til *spesifikk opplæring* meiner ein støtte til opplæring som berre er relevant for den noverande eller den framtidige jobben til arbeidstakaren i bedrifta. Høvet til å overføre nytten av denne kunnskapen til andre bedrifter eller arbeidsområde er svært avgrensa. Tabellen nedanfor viser dei maksimale kumulative støttesatsane (BTE) som gjeld.

Støtte til opplæring (BTE)		
Type opplæring	SMB	Store bedrifter
Spesifikk opplæring	35	25
Generell opplæring	70	50

Det kan bli gitt regionale bonusar på 5 prosent på satsane over for tiltak innanfor sone III og IV i det distriktspolitiske virkeområdet.

Desse kostnadene gir rett til støtte:

1. Kostnader til kursleiarar, eventuelt honorar til ekstern kursleiar
2. Reiseutgifter for kursleiarar og kursdeltakarar
3. Andre vanlege utgifter i samband med opplæring, til dømes materiell og utstyr
4. Verdireduksjon av utstyr i den grad det blir brukt utelukkande til det aktuelle opplæringsprosjektet
5. Utgifter til konsulenttenester og rådgiving i samband med opplæringsprosjektet
6. Personalkostnader for kursdeltakarar opp til den totale summen av dei andre utgiftene som gir rett til støtte, jamfør punkta 1 til 5 ovanfor. Støtte til personalkostnader for kursdeltakarane må avgrensast til den tida som faktisk er nytta til opplæring. Dette inneber at eventuell tid som er brukt til ordinære produksjonsaktivitetar i samband med opplæringa, må trekkjast frå når ein skal rekne ut samla tid som gir rett til støtte. Utgiftene må dokumenterast på ein slik måte at dei kostnadene som gir rett til støtte, kjem tydeleg fram.

Opplæringsstøtte skal ikkje kumulerast med anna støtte.

Støtte til opplæring kan giast etter gruppeunntak dersom føresetnadene i dette regelverket er oppfylt. Dersom aktuell støtte oppfyller dei vilkåra som er sette, er støtta lovleg utan førehandsgodkjenning frå ESA. Tiltaka må likevel meldast til Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Sjå elles kommisjonsforordning 68/2001 og kommisjonsforordning 363/2004 om gruppeunntak for opplæringsstøtte:
<http://odin.dep.no/fad/norsk/tema/Konkurransepolitikk/stotte/071061-230017/dok-bn.html>

8. Støtte til sysselsetjing

Støtte og støtteordningar for å skape nye arbeidsplassar er tillate etter gruppeunntak. Støtte er lovleg innanfor ein viss del av lønnskostnadene over ein periode på to år. Dersom ein gir slik støtte innanfor område eller bransjar som ikkje kvalifiserer for regionalstøtte, kan støtta dekkje 15 prosent av kostnadene i små bedrifter og 7,5 prosent i mellomstore bedrifter. Innanfor regionalstøtteområdet skal slik støtte ikkje overskride maksimalsatsane for investeringsstøtte. Vi viser til kommisjonsforordning 2204/2002, sjå <http://odin.dep.no/fad/norsk/tema/Konkurransepolitikk/stotte/071061-230017/dok-bn.html>.

Ein kan gje støtte til sysselsetjing etter gruppeunntak dersom føresetnadene i dette regelverket er oppfylde. Dersom aktuell støtte oppfyller dei vilkåra som er sette, er støtta lovleg utan førehandsgodkjenning frå ESA. Tiltaka må likevel meldast til Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

9. Støtte til forskning og utvikling (FoU)

EU-kommisjonen arbeider p.t. med revisjon av reglane for FoU. Nye reglar for forskning, utvikling og innovasjon vil truleg bli vedtatt av EU-kommisjonen i løpet av våren 2007. Reglane vil tre i kraft i Noreg når dei er implementerte i EØS-avtalen og deretter tekne inn i norsk rett. Kommunal- og regionaldepartementet vil da komme tilbake med informasjon om dei nye reglane for bagatellmessig støtte. Inntil da gjeld dagens reglar som omtalt nedanfor.

Ein kan tildele støtte til desse FoU-aktivitetane:

- *Industriell forskning*: Planmessig utforskning eller kritisk undersøking med tanke på å få ny kunnskap, der denne kunnskapen kan vere nyttig ved utvikling av nye produkt, prosessar eller tenester eller ved innføring av vesentlig forbetring av eksisterande produkt, prosessar eller tenester.

- *Utviklingsaktivitetar før konkurransetadiet*: Overføring av resultat frå industriell forskning til planar eller prosjekt for – eller design og konstruksjon av – nye, endra eller forbetra produkt, prosessar eller tenester som er tenkte for sal eller bruk, medrekna utvikling av ein første prototyp som ikkje kan utnyttast kommersielt. Dette stadiet kan også omfatte idéutforming, design og konstruksjon i samband med alternative produkt, produksjonsmetodar eller tenester og dei første demonstrasjonsprosjekta eller pilotprosjekta, på det vilkåret at desse prosjekta ikkje kan tilpassast slik at dei kan utnyttast industrielt eller kommersielt. Ein kan ikkje gi støtte til rutineprega eller periodiske endringar av eksisterande produkt, produksjonslinjer, produksjonsprossar, tenester eller andre pågåande arbeidsoperasjonar, sjølv om slike endringar kan innebere forbetringar.

- I tillegg kan ein gi støtte til *tekniske forstudiar* som kjem før dei nemnde FoU-aktivitetane.

Tabellen nedanfor viser dei maksimale kumulative støttesatsane (BTE) som gjeld.

Utviklingsaktivitetar før konkurransetadiet (satsar for tekniske forstudiar knytte til dette stadiet står i parentes)		
Geografi	SMB	Store bedrifter
Områda III og IV	40 pst. (75 pst.)	30 pst. (55 pst.)
Industriell forskning (satsar for tekniske forstudiar står i parentes)		
Områda III og IV	65 pst. (75 pst.)	55 pst. (75 pst.)

Kostnader som gir rett til støtte, er

- personalkostnader som berre er relaterte til FoU-aktivitetane
- kostnader til instrument, utstyr og eigedommar som berre og permanent er relaterte til FoU-aktivitetane
- kostnader til konsulenthjelp og tilsvarende tenester som berre er nytta til FoU-aktivitetane, inkludert forskingsresultat, utvikling, teknisk kunnskap og patent osv. som er kjøpte frå eksterne kjelder
- administrative kostnader som er direkte knytte til FoU-prosjektet
- andre driftskostnader (til dømes materialkostnader og forsyningar) som følgjer direkte av FoU-aktivitetane.

Ved fastsetjing av støtteintensiteten skal desse momenta takast med i vurderinga:

- graden av FoU-samarbeid mellom fleire bedrifter
- graden av FoU-samarbeid mellom enkeltbedrifter og FoU-institusjonar og/eller universitet og høgskolar
- graden av nyskaping og innovasjon i FoU-aktivitetane
- graden av kompleksitet i FoU-aktivitetane

- graden av teknologisk og kommersiell risiko i samband med FoU-aktivitetane.

For at ein skal kunne bruke dei høgaste støtteintensitetane, skal minst eitt av dei nemnde momenta ovanfor vere framtrедande i prosjektet. I tillegg skal ein ved fastsetjing av støtteintensiteten vurdere den regionale verknaden av prosjektet. Vidare skal støtteintensiteten avgrensast til det minimum som er nødvendig for å sikre ei forsvarleg gjennomføring av prosjektet.

Sjå elles kapittel 14 i ESAs retningslinjer for statsstøtte og kommisjonsforordning (EC) 364/2004 som gjeld gruppeunntak for støtte til FoU i SMB.

<http://odin.dep.no/fad/norsk/tema/Konkurransepolitikk/stotte/p30000812/bn.html>

10. Bagatellstøtte (de minimis)

EU-kommisjonen vedtok 12.12.2006 nye reglar for bagatellstøtte.

I følgje forordninga for bagatellstøtte kan ei bedrift motta inntil 200 000 euro i bagatellstøtte over ein rullerande treårsperiode.

Transportsektoren, med unnatak av innkjøp av vegfraktkjøretøy for verksemder som driv vegfrakt, kan motta bagatellstøtte. Det kan bli gitt opp til 100 000 euro til vegtransportsektoren. Resten av transportsektoren kan ta imot opptil 200 000 euro.

Bagatellstøtte kan ikkje lenger bli gitt til verksemder i vanskar. jf ESAs retningslinjer for offentlig støtte.

Bagatellstøtte skal no avgrensast til transparente former for støtte. Det betyr at støtte berre kan tildelast som bagatellstøtte når det er mogleg å rekne ut nøyaktig støtteelement (brutto tilskuddsekvivalent) i forkant av tildeling og utan at det er nødvendig å gjøre ei risikovurdering. Dette inneber ei innskrenking i forhold til dagens regler som opnar for bagatellstøtte så lenge beløpet er under 100 000 euro over ein treårsperiode. Forordninga nemner lån, kapitaltilførsler, risikokapital og garanti som transparent støtte. Ein terskelverdi for garantiar blir innført; dersom det underliggjande lånet ikkje overstiger 1,5 millionar euro og garantien ikkje overstiger 80 % av lånet kan støtta bli betrakta som transparent. Verksemder i vegtransportsektoren som ikkje er i vanskar kan få støtte under ei garantiordning såframt det underliggjande lånet ikkje overstig 750000 euro.

Nye formelle prosedyrar må følgjast i forkant av tildeling av bagatellstøtte. Ein ny regel pålegg støtteytar skriftleg å informere støttlemottakar eksplisitt om kva for støtte som blir ytt, og kva for vilkår som gjeld for støtta. Denne informasjonen skal innehalde detaljerte referansar til forordninga. Støtteytar må òg få skriftleg stadfesting frå støttlemottakar om ev. anna bagatellstøtte det gjeldande føretaket har motteke i de tre siste budsjettåra, inkludert det budsjettåret den bagatellmessige støtta blir tildelt i.

Kumulasjonsreglane er endra. Bagatellstøtte kan i utgangspunktet ikkje lenger kumulerast med anna offentleg støtte. Kumulasjon er likevel tillate såframt støtta ikkje overstig dei maksimale gresene for støtte i ei notifisert ordning eller i gruppeunntaka.

Bagatellstøtte	
Heile landet	Inntil 100 pst. støtte

11. Særleg om støtte til «sensitive sektorar»

Støtte til føretak som kjem inn under særskilt sektorregelverk (det vil seie omstilling, skipsbyggingsindustri, stålindustri, syntetisk fiberindustri, motorvognindustri og offentleg kringkasting), kan ein berre gi i medhald av det aktuelle sektorregelverket. Vidare har EØS-avtalen eit særskilt regelverk for støtte til transportsektoren. Sektorregelverka krev ofte at støtte til prosjekt av ein viss storleik må godkjennast av ESA. For nærare reglar, sjå ESA sine retningslinjer;

<http://www.eftasurv.int/fieldsofwork/fieldstateaid/guidelines/guidelineswith10binserted.pdf>

12. Støtte til skipsbygging

Det gjeld egne reglar for støtte til skipsbygging. Vi viser til *Forskrift om gjennomføring av EØS-avtalens bestemmelser om offentlig støtte til skipsbyggingsindustrien*, 19.03.99 nr. 246.

Forskrifta inneber ei gjennomføring av rådsforordning 1540/98 om støtte til skipsbyggingsindustrien. Støtte til denne industrien krev som hovudregel notifisering av enkelttildelingar. Vi viser også til kapittel 24.B i ESA sine retningslinjer, <http://www.eftasurv.int/fieldsofwork/fieldstateaid/guidelines/guidelineswith10binserted.pdf>

Nokre regelverk og gruppeunntak har egne reglar for støtte til skipsbygging, sjå difor dei enkelte regelverk.

13. Transportstøtte

Reglane for transportstøtte er heimla i retningslinene for regionalstøtte. Transportstøtta sitt siktemål er å redusere ulemper for konkurranse som følgjer av lange transportavstandar, vanskelege transportforhold og spreidd busetjing for bedrifter som ligg perifert i forhold til meir sentrale område i Noreg.

Frå 1.1.2007 er det opna for at fylkeskommunane kan ta i bruk ei regional transportstøtteordning. Ordninga gjeld frå 2007 til 2013 og skal finansierast og forvaltest av

kvar enkelt fylkeskommune. Det er fylkeskommunane sjølve som avgjer om dei ønskjer å prioritere midlar til transportstøtte. I tillegg til dei tre nordlegaste fylkeskommunane inkluderer ordninga kommunar i Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Buskerud.

Dei nasjonale retningslinene utgjer eit ytre rammeverk for ordninga. Fylkeskommunane må utarbeide eigne forskrifter/retningsliner innafor desse nasjonale retningslinene. Det er særleg viktig å sikre at ingen bedrifter blir overkompenserte.

Kommunal- og regionaldepartementet er ansvarleg for rapportering av alle midlar under ordninga til EFTA sitt overvakingsorgan, ESA. Fylkeskommunen skal difor årleg rapportere om bruken av midlar til transportstøtte til Kommunal- og regionaldepartementet.

For meir informasjon, sjå

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/tema/andre/virkeomrader-retningslinjer-og-regler/transportstotteordningen.html?id=527177>

VEDLEGG 2

KRAV TIL INNHOLD OG INFORMASJON I TILSEGNBREV

Ein søknad som er innvilga, skal stadfestast med tilskotsbrev. Nedanfor følgjer normalkrav for kva eit slikt tilskotsbrev skal innehalde. Fylkeskommunane, og dei som forvaltar midlar på vegner av fylkeskommunane, kan tilpasse dette til sine egne system og kontrollrutinar.

- Namn og adresse til mottakaren, organisasjonsnummer, bank- eller postgirokontonummer
- Tilskotssum
- Formål og kva slags tiltak midlane kan nyttast til
- Kostnadsoverslag som er lagt til grunn for tilsegna
- Eventuelle vilkår som knyter seg til bruken av midlane, medrekna krav til dokumentasjon før midlane kan utbetalast
- Støttekriterium og støtteformer
- Tidsfrist for bortfall av tilsegn
- Utbetalingstidspunkt, utbetalingsrutinar og behandling av eventuelt for mykje utbetalt tilskot
- Krav til at mottakaren sjølv kontrollerer at den utbetalte summen er korrekt
- Krav til rapportering, rekneskap og revisorattestasjon; resultatrapporteringa skal vere i høve til oppfølgingskriterium
- Krav til oppbevaring av rekneskapsdata og dokumentasjon av faktiske opplysningar som ligg til grunn for søknaden eller utrekninga av tilskotssum
- Opplysningar om eventuelle kontrolltiltak som kan bli sette i verk, også med tilvising til Stortingets løyvingsreglement § 10 og at Riksrevisjonen har høve til kontroll
- Moglege reaksjonsformer dersom mottakaren ikkje opptrer i samsvar med skriftlege føresetnader, til dømes tilbakebetalingar
- Dersom tilskot blir gitt som bagatellmessig støtte, skal ein oppgi dette.

Vi syner elles til *Reglement for økonomistyring i staten* og *Bestemmelser om økonomistyring i staten*.

VEDLEGG 3

Soneinndeling

Soneinndeling for det distriktpolitiske verkeområdet for regionale utviklingsmidlar frå 1. januar 2007

Fylkeskommune	Sone	Kommunar
Akershus	Sone I	Alle kommunar
Aust-Agder	Sone I	Lillesand, Arendal, Grimstad
	Sone II	Iveland, Birkenes, Froland
	Sone III	Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes, Tvedestrand, Vegårshei, Gjerstad, Risør
	Sone IV	Åmli
Buskerud	Sone I	Hurum, Røyken, Lier, Nedre Eiker, Øvre Eiker, Modum, Hole, Ringerike, Kongsberg, Drammen
	Sone III	Rollag, Flesberg, Krødsherad, Sigdal, Hol, Ål, Hemsedal, Gol, Nes, Flå
	Sone IV	Nore og Uvdal
Finnmark	Sone IV	Alle kommunar
Hedmark	Sone I	Elverum, Sør-Odal, Stange, Løten, Ringsaker, Hamar
	Sone II	Nord-Odal
	Sone III	Våler, Åsnes, Grue, Eidskog, Kongsvinger
	Sone IV	Os, Folldal, Alvdal, Tynset, Tolga, Engerdal, Rendalen, Stor-Elvdal, Åmot, Trysil
Hordaland	Sone I	Lindås, Øygarden, Meland, Osterøy, Askøy, Fjell, Sund, Os, Stord, Bergen
	Sone II	Austrheim, Radøy, Fusa, Bømlo, Sveio
	Sone III	Masfjorden, Fedje, Modalen, Vaksdal, Austevoll, Samnanger, Kvam, Voss, Granvin, Kvinnherad, Tysnes, Fitjar, Etne
	Sone IV	Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Odda, Jondal
Møre og Romsdal	Sone I	Giske, Sula, Skodje, Ørskog, Ålesund, Molde
	Sone II	Fræna, Sykkylven, Hareid, Ulstein
	Sone III	Sunndal, Tingvoll, Gjemnes, Averøy, Eide, Aukra, Sandøy, Midsund, Nesset, Rauma, Vestnes, Haram, Stordal, Stranda, Norddal, Ørsta, Volda, Herøy, Sande, Vanylven, Kristiansund
	Sone IV	Aure, Smøla, Halså, Rindal, Surnadal
Nordland	Sone III	Bodø
	Sone IV	Alle kommunar unntatt Bodø
Nord-Trøndelag	Sone I	Stjørdal
	Sone II	Levanger
	Sone III	Inderøy, Verdal, Leksvik, Frosta, Steinkjer
	Sone IV	Leka, Nærøy, Vikna, Flatanger, Fosnes, Overhalla, Høylandet, Grong, Namsskogan, Røyrvik, Lierne, Snåsa, Namdalseid, Verran, Mosvik, Meråker, Namsos
Oppland	Sone I	Gran, Lunner, Jevnaker, Vestre Toten, Østre Toten, Gjøvik, Lillehammer
	Sone II	Øyer
	Sone III	Vang, Øystre Slidre, Vestre Slidre, Nord-Aurdal,

Fylkeskommune	Sone	Kommunar
		Etnedal, Sør-Aurdal, Nordre Land, Søndre Land, Gausdal
	Sone IV	Ringebu, Sør-Fron, Sel, Nord-Fron, Vågå, Lom, Skjåk, Lesja, Dovre
Oslo	Sone I	Oslo er i sone I
Rogaland	Sone I	Karmøy, Tysvær, Rennesøy, Strand, Randaberg, Sola, Gjesdal, Time, Klepp, Hå, Bjerkreim, Haugesund, Stavanger, Sandnes, Eigersund
	Sone II	Bokn, Forsand
	Sone III	Vindafjord, Kvitsøy, Finnøy, Suldal, Hjelmeland, Lund, Sokndal
	Sone IV	Utsira, Sauda
Sogn og Fjordane	Sone III	Alle kommunar
Sør-Trøndelag	Sone I	Malvik, Klæbu, Skaun, Melhus, Trondheim
	Sone II	Orkdal
	Sone III	Selbu, Midtre Gauldal, Rissa, Ørland
	Sone IV	Tydal, Holtålen, Røros, Meldal, Rennebu, Oppdal, Osen, Roan, Åfjord, Bjugn, Agdenes, Frøya, Hitra, Snillfjord, Hemne
Telemark	Sone I	Bamble, Siljan, Skien, Porsgrunn
	Sone III	Hjartdal, Sauherad, Bø, Nome, Drangedal, Kragerø, Notodden
	Sone IV	Vinje, Tokke, Fyresdal, Nissedal, Kviteseid, Seljord, Tinn
Troms	Sone III	Tromsø
	Sone IV	Alle kommunar unntatt Tromsø
Vest-Agder		Sone I: Søgne, Songdalen, Vennesla, Mandal, Kristiansand
	Sone II	Lyngdal, Lindesnes
	Sone III	Sirdal, Kvinesdal, Hægebostad, Audnedal, Åseral, Marnardal, Flekkefjord, Farsund
Vestfold	Sone I	Alle kommunar
Østfold	Sone I	Halden, Moss, Sarpsborg, Fredrikstad, Hvaler, Trøgstad, Spydeberg, Askim, Eidsberg, Skiptvet, Rakkestad, Råde, Rygge, Våler, Hobøl
	Sone III	Aremark, Marker, Rømskog

Oppdatert oversikt er å finne på heimesidene til Kommunal- og regionaldepartementet.